



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/1614 - 15/23035

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåttan  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
23.06.2015

## Igangsettingsløyve - gbnr 193/2, 9, 15 Mundal Øvre

**Administrativt vedtak. Saknr: 274/15**

**Tiltakshavar:** Birte Gødgaard Jensen og Odd M. Samsonsen  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1, jf. § 21-2 femte ledd

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av oppgradering av gangveg til kjøreveg og anlegging av parkeringsplass på gnr. 93 bnr. 2, 9 og 15.

Kommunen har i vedtak av 12.03.2015 gjeve rammeløyve for tiltaket. Det vert elles vist til søknad om igangsetting, motteken 03.06.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.06.2015, og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1 første ledd bokstav b er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

#### Ansvarsrett og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket Krom Entreprenør AS, org.nr. 986711937, har søkt ansvarsrett for **overordna ansvar for utføring**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.



## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 l) vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket på følgjande vilkår:

Rammeløyve av 12.03.2015 med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVARsomRÅDE
UTF	Krom Entreprenør AS	986711937	S	1	Overordna ansvar for utføring

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer: 14/1614.

## Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1 andre ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Igangsettingsløyve	1	2.900,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	1	1.000,-
	Totalt gebyr å betala		3.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 sjetzte ledd.

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslåttén  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Birte Gødgaard Jensen  
Odd Magnus Samsonsen

Bekkjarvikvegen 5915  
5114  
49B

HJELMÅS  
TERTNES